

Vilkår

1. Sauna-reglar

- Alkoholavgrensing: vi har ikkje alkoholservering om bord. Vi tillèt maksimalt 2 einingar medbrakt alkohol per person (ingen sprit). Badstovemeister har rett til å bortvise synleg rusa gjester. Unngå drikke med sterke fargestoff.
- Snacks: ta med lett snacks om ønskjeleg. Dette kan nyttast i omkleddingsrommet.
- Born og unge under 18 år må ha følgje av føresett.
- Maksimal kapasitet kan ikkje overskridast grunna sikkerheit.
- Gjesten er ansvarleg for skade på utstyr og fasilitetar som følgje av uaktsam eller uforsvarleg framferd av gjestene.
- Bruk av sauna samt bading er på eige ansvar.

2. Bestilling

- Ei bestilling er bindande så snart eit bestillingsnummer er tildelt gjesten og betaling fullført. Det er gjesten sitt ansvar å kontrollere informasjon som er vesentleg for at bestillinga er korrekt.
- Avtalte prisar er bindande for partane. Fjord Sauna AS kan justere prisane som følge av auke i skattar og avgifter, eller andre forhold som er utanfor bedrifta si kontroll.

3. Betaling

- Gjesten skal betale 100% beløp ved bestilling via www.fjordsauna.com/no.
- Fakturering eller betaling ved oppmøte skal vere avtalt på førehand for alle private opplevingar. Ved drop-in kan gjesten bestille og betale opplevinga ved oppmøte så sant det er ledig plass.

4. Forsikring

- Vi tilrår at alle våre kundar sjølv må sørge for gode forsikringsavtalar før reisa, i tilfelle sjukdom, tap eller skade på reisegods, ulykke, ansvar og liknande.

5. Kansellering og endring av ordre

- Frist for kansellering er 48 timar før framsmøte. Kansellering etter dette vert belasta 100%. Refusjon til det kredittkortet som er brukt ved bestilling. Kansellering skriftleg via e-post.
- Førespurnad om å endre bestilling må skje via telefon eller e-post. Bestilling vert endra så sant det er ledig kapasitet. Endringar etter at frist for kansellering har utløpt er ikkje garantert.

6. Force Majeure

Fjord Sauna AS står ikkje til ansvar for utilfredsstillande vêrforhold, stengde fasilitetar eller andre forhold som ligg utanfor selskapet sin kontroll. Vi tek atterhald om feil i informasjon om tenester og tekniske problem som kan oppstå. Partane kan tre ut av avtalen dersom varen som er kjøpt ikkje kan nyttast som følgje av krigshandlingar, naturkatastrofar, lengre avbrot av vatn eller el-tilførselar, og liknande hendingar som verken Fjord Sauna AS eller gjesten kunne forutsjå eller påverke.